GEBYRREGULATIV FRÅ 01.01.2026

# Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 11.12.2025 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift 1. juni 2004. nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd, jf. forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune, vedteken av kommunestyret den 19.12.19.



Regulativet gjeld fra den 01.01.2026. Alle gebyrsatsar er inkl. mva.

## AREALBEREKNING

Bruksareal (BRA) blir rekna ut i samsvar med NS 3940, med dei presiseringane som kjem fram i forskrift for vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune.

### Tilknytingsgebyr

| Gebyr | Vatn | Avløp |
|---|---|---|
| Bustad/næringsbygg ≤ 75 $m^2$ | 4 551,- | 3 966,- |
| Pr. $m^2$ bruksareal (BRA) > 75 $m^2$ | 60,59 | 53,61 |

## ÅRSGEBYR

Årsgebyr for vatn og avløp består av:

- Abonnementsgebyr - basert på brukseiningen
- Forbruksgebyr

### Abonnementsgebyr

Satsane for abonnementsgebyr er like for næringsbygg, bustader, hytter, naust og andre bygg. Abonnementsgebyret er delt i ein fast del og ein variabel, arealbasert del:

| Abonnementsgebyr | Satsgrunnlag | Vatn | Avløp |
|---|---|---|---|
| Bustad/brukseining (fast) | pr. bueining/brukseining | 749,- | 3 135,- |
| Areal (variabel) | pr. $m^2$ (BRA)[1] | 9,98,- | 5,02,- |

1) Dersom samla BRA på bygg på eigedommen overstig 35 000 $m^2$, blir det gitt 50 % reduksjon i einingsprisen for vatn og avløp på det overskytande arealet.

# Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE



## Forbruksgebyr

Forbruksgebyret blir fastsett ved målt forbruk eller stipulert forbruk:

**Ved målt forbruk** = målt forbruk x einingspris

- Bygg til næringsformål eller offentlege formål skal ha vassmålar.
- Bustader, naust og fritidsbustader med godkjent rammeløyve etter 01.01.2020, skal ha vassmålar.

| Forbruksgebyr | Satsgrunnlag | Vatn | Avløp |
|---|---|---|---|
| Einingspris | kr/m$^3$ | 22,22 | 30,60 |

**Ved stipulert forbruk** = BRA x 1,2 x einingspris

- Forbruket blir berekna til 1,2 m$^3$ per m$^2$ bruksareal (BRA).
- Øvre grense er sett til 180 m$^2$ (BRA) pr bueining/brukseining.

***Døme:***

*Ein bustad på 120 m$^2$ vil etter stipulert forbruk måtte betale følgjande satsar:*

| *Gebyr* | *Vatn* | *Avløp* |
|---|---|---|
| *Fast abonnementsgebyr* | *749,-* | *3 135,-* |
| *Variabelt abonnementsgebyr: 120 m$^2$ x kr. 9,98/5,02* | *1 197,60* | *602,40* |
| *Stipulert forbruk: (120 m2 x 1,2) x kr. 22,22/30,60* | *3 199,68* | *4 406,40* |
| *Totalt* | *5 146,28* | *8 143,80* |

For slamavskiljarar som er kopla til det offentlege avløpsnettet, er tømmekostnaden inkludert i det årlege avløpsgebyret som er oppgitt i dette regulativet.

## Andre gebyr og prisinformasjon

**Frammøtegebyr for avlesing av vassmålar**

Dersom abonnenten ikkje les av målaren i tråd med lokal forskrift, og kommunen må gjere avlesinga, må abonnenten betale eit gebyr på kr. 1 380,-.

**Gebyr for kontroll av vassmålar**

Dersom abonnenten eller kommunen meiner at det er behov for å kontrollere vassmålaren eller vassmålarinstallasjonen, må abonnenten betale eit kontrollgebyr på kr. 1 380,- pr. gong pr. vassmålar.

ØyVAR AS
Lonavegen 20, 5353 Straume | Telefon: 56 31 59 30 | Vakttelefon: 917 29 717 | postboks@oyvar.no www.oyvar.no

Miljøfyrtårn®

# Vatn og avløp

ØYGARDEN KOMMUNE



**Gebyr for plombering, stenging, nyopning av vassforsyninga og midlertidig tilknyting**
Abonnenten må betale følgjande gebyr ved fråkopling frå det offentlege vassleidningsnettet eller for midlertidig tilknyting:

| | |
|---|---|
| Stenging | kr. 1 104,- |
| Opning | kr. 1 104,- |
| Midlertidig tilknyting | kr. 1 104,- |

Gebyret skal dekke kostnadene kommunen/ØyVAR har ved stenging og nyopning av vassforsyning.

**Gebyrreduksjon i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova**
Vilkåra for gebyrreduksjon går fram av forskrift om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune. Årsgebyret skal reduserast med 0,3 % per påbyrja døgn utover det første døgnet.

**Vasskiosk**
Pris for kjøp av vatn frå vasskiosk: kr. 33,37 pr. $m^3$.